



**56 stiar  
over  
heile  
kom-  
munen  
i alle  
vanske  
grader**



Vegen til Myrdalsvatnet med Gygrastol i bakgrunnen

# Stiprosjektet



I Gjeldfeskaret på veg til Breidablikk og Fonnabu



Skålafjell utsyn over Hardangerfjorden mot Stord



Varden på Varaldsøy, Furebergfossen bak



Møsevassdammen

Dei gode turopplevingane kan du finna mange av i Kvinnherad. I fjella og dalane våre er det eit mangfold av turstiar. Nokre stiar har vore brukt i fleire århundre, slik som stølsvegane og dei gamle ferd-slevegane rundt Folgefonna. Andre nyare stiar er laga for å gje den gåande ei fin oppleving langs fjorden, slik som Trollåsen på Halsnøy og Bjellandsnes på Sunde. Du kan komma deg høgt og fritt på turen til Malmangernuten i Rosendal eller Varden på Varaldsøy med imponerende utsikt over Hardangerfjorden. Rusleturar innover dal-lar langs stille flytande elvar, turar opp til nærliggjande utsiktspunkt eller dei krevande turane til dei mektige toppane i området vårt ligg klare og ventar på deg. Kort sagt litt for einkvar smak.

For å gjera det lettare for deg å finna din tur, har vi gradert alle turstiane etter vanskegrad. Det er same system som for alpin-løypene, Grøn er lettast, og kan også vera eigna for rullestol. Blå er middels, Raud er krevande og Svart er ekspert. På denne måten kan du sortera og velja den turen du vil gå. Informasjon om stiane finn du på [www.visittsunnhordland.no](http://www.visittsunnhordland.no) og går inn på artikkelen "Ut på tur?" der kjem du direkte i oversikten for turstiar i Kvinnherad med ulike vanskegrader. Når du har bestemt deg for kva tur du vil gå kan du skriva ut kartet på din eigen PC. Klikk på "Last ned kart" og skriv ut! Enkelt og greitt!

Turstiane er spreidd over heile Kvinnherad og på startpunktet for alle turane vil du finna den vesle grønne tavla med informasjon om turane.


Når du kjem til Kvinnherad kan du ta turen innom Kvinnherad Turistinformasjon på Skålakaien i Rosendal. Vi hjelper deg med informasjon og kart. Ring oss på 53 48 42 80 eller mail oss på [turistinfo@kvinnherad.kommune.no](mailto:turistinfo@kvinnherad.kommune.no).

Velkommen på tur i Kvinnherad!

*I heile Kvinnherad kan du gå på tur.  
Du kan rusla langs elvar med bar-  
nevogn, eller køyra rullestol.  
Vi har kjekke småturar  
som eignar seg for dei fleste  
og lange fjellturar for dei sprekaste.  
Finn informasjon og kart her:  
[www.visittsunnhordland.no](http://www.visittsunnhordland.no)*



Kalkstasjonen - Geitdalstind



○ Her står du no  
You are here now  
Jetzt sind Sie hier  
P Parkering  
Parking  
Parken



Vegen heim frå Myrdalsvatnet